For alle bruk som sel av eigen produksjon skal det kryssast for sal av vedkomande produkt. Det skal berre takast omsyn til om salet er regelmessig, ikkje til storleiken av dei selde kvanta. Dersom eit bruk har regelmessig sal av eit produkt, skal ein berre krysse for regelmessig sal, jamvel om det av vedkomande produkt også har tilfeldig sal til andre kundar.

Grensa mellom regelmessig og tilfeldig sal må bli flytande. Som hovudregel kan ein seie at dersom eit bruk produserer vedkomande produkt med tanke på sal, skal det avkryssast som regelmessig sal. Dersom bruket derimot berre tek sikte på produksjon til eige bruk, men meir unntaksvis får noko til overs for sal, skal salet avkryssast som tilfeldig.

#### I. Fellestiltak.

*Post 81.* Med fellesfjøs meiner ein tiltak der to eller fleire brukarar har slått saman sine buskpar og samarbeider om mjølkeproduksjonen på heilårsbasis.

*Post 82—84.* Med fellesbeite meiner ein felles beitetiltak og felles stell av dyra i beitetida. Beita kan liggje i låglandet eller i seterregionen og kan vere kulturbeite eller utmarksbeite. Medlemene i fellestiltaket eig kvar sine dyr, medan beiteområdet kan vere leigd.

*Post 85.* Med fjøskontroll meiner ein her avdråttkontroll for ku, geit, sau eller svin.

*Post 86.* Med maskinsamvirke meiner ein samarbeid mellom to eller fleire brukarar om ein eller fleire maskinar. Samarbeidet kan omfatte a) felles innkjøp, b) egne innkjøp, men felles bruk på grunnlag av inngåtte avtalar mellom brukarane og c) felles innkjøp og bruk og samarbeid om dei arbeidsoperasjonar som maskinane skal brukast til (maskinringar, arbeidslag).

*Post 87.* Med grunneigarlag meiner ein her at fleire grunneigarar har skipa eit lag og overført rettane til jakt og fangst på eigedomane sine til laget. Formålet til

laget er kulturtiltak og utnytting av vilkåra for jakt og fangst på areala til vedkomande grunneigarar.

*Post 88.* Her meiner ein tilsvarande tiltak for ferskvassfiske som er nemnde for jakt og fangst under post 87.

*Post 89.* Her meiner ein grunneigarlag som er oppretta med tanke på å leggje ut hytteområde med areal frå fleire eigedomar.

### Tredje sida på skjemaet.

#### J. Eige- og leigeforhold m.v.

*Post 02.* Her fører ein alt jordbruksareal som brukaren har leigd frå andre. Er heile bruket leigd, blir dette det same som jordbruksareal i drift i alt på bruket (post 01). Merk at leigd jord også skal vere med i areala oppgitt under pkt. A på første sida.

*Post 03—09.* Som «forpaking» fører ein leige av heile bruk (eller del av bruk) der forpaktingskontrakt er oppretta og der brukaren bur på forpaktingsbruket.

Som «anna kontraktbunden leige» reknar ein leigeforhold der skriftleg kontrakt er oppsett, men som ikkje blir rekna som forpaking. Merk at også leigeforhold der forpaktingskontrakt er oppretta, skalførast her dersom brukaren *ikkje* bur på forpaktingsbruket.

Som «tilfeldig leige» reknar ein jord der inga skriftleg kontrakt er oppsett. All tilfeldig leige skal vere med, utan omsyn til om det blir betalt for den eller ikkje.

Som «familie» reknar ein brukarens eller ektemakens foreldre, besteforeldre, onklar, tanter, sysken og barn. Det mest vanlege tilfelle av leigeforhold «frå familie» er i tida rundt eit brukarskifte, der den gamle brukaren framleis er eigar av bruket, medan den nye brukaren har teke over drifta av heile eller ein del av bruket. Dersom den nye brukaren berre har teke over ein del av bruket, skal det fyllast ut to oppgaver: Ei for den delen som framleis blir driven av den gamle brukaren og ei for den delen som blir brukt av den nye brukaren.

*Post 10—11.* Det skal ikkje givast svar på desse spørsmåla for husmannsforhold, bygsel og bruk lagt til stilling. Det er den totale leigetid kontrakta lyder på som skal givast opp under post 11.

*Post 12.* Det er den avgifta som blir betalt i teljingsåret som skal givast opp.

*Post 13.* Det er berre brukarar som leiger jord i tillegg til sitt eige areal som skal svare på dette spørsmålet. Dersom det er jordbruksareal frå nabobruk som blir leigd, skal det kryssast for «ja», i motsett fall for «nei».

*Post 15.* Merk at det berre er spørsmål om *jordbruksarealet* ligg i teigblanding. Dersom brukets jordbruksareal ikkje er atskilt av andre brukseiningar, skal det såleis svarast «nei», sjølv om skog og anna utmarksareal ligg i teigblanding. Merk at også hovudteigen skal vere med i talet på teigar.

#### K. Brukaren og familien hans på teljingsdagen.

Gardsstyrar, forvaltar o.l. skal ikkje reknast som brukar, men som framand arbeidshjelp. Spørsmåla under post 18—22 skal ikkje svarast på av upersonlege brukarar. Berre *ein* person skal reknast som brukar. Ektemake blir berre registrert ved å krysse av at brukaren er gift.

*Post 19—22.* Heimeverande barn er barn som bur på bruket, utan omsyn til om dei arbeider på bruket eller ikkje.

Brukarens ektemake skal ikkje reknast med under «andre familiemedlemmer».

#### L. Fagutdanning.

Fagutdanning skal berre givast opp for personar som har kurs av same skoleart som til saman har vara i minst 5 månader. Praktiske lærlingekurs skal ikkje reknast med jamvel om dei har vara så lenge. Derimot skal brevskolekurs som svarar til minst 5 månaders fagskolekurs reknast med.

Ein person kan ha meir enn ein fagskole. I så fall kryssar ein av for kvart skoleslag.

#### M. Bruket som leveveg og arbeidsplass.

Bruk med upersonleg brukar skal ikkje svare på desse spørsmåla.

Som «bruket» reknar ein jordbruk (med hagebruk og husdyrhald medrekna pelsdyr), eigen skog og utmarksnæringar (grunneigarbetinga jakt og fiske på eige bruk, hytter og hyttetomter, campingplassar etc.). Anna verksemd på eigedomen som t.d. sagbruk, verkstad o.l. skal reknast som verksemd utanom bruket.

*Post 27.* Svaret skal givast etter det relative verde bruket har som inntektskjelde for brukar og ektemake. Som inntekter reknar ein både arbeidsinntekt, kapitalinntekt (rente, aksjeutbytte etc.), pensjon og trygd. Er t.d. bruket einaste inntektskjelde, kryssar ein for «einaste leveveg». Har brukaren og/eller ektemaken også andre inntektskjelder, kryssar ein for «viktigaste leveveg» dersom bruket svarar for meir enn 50 prosent, i motsett fall kryssar ein for «ikkje viktigaste leveveg». Merk: Jamvel om brukaren har hatt ei tilfeldig og særst lita inntekt ved sida av bruket siste år, kryssar ein likevel for «einaste leveveg».

*Post 28—34.* Her set ein kryss for kva næring (ikkje kva yrke) brukar og/eller ektemake eventuelt arbeider i ved sida av bruket. Merk at det er næring og ikkje yrke det er spurt om. T.d. ein sjåfør som er tilsett i ei varehandelsverksemd for å distribuere firmaet sine varer til kundane, arbeider i varehandel og ikkje i samferdsel (transport). Derimot skal vedkomande grupperast under samferdsel dersom han til nemnde distribuering bruker eigen bil eller er tilsett i eit transportfirma.

Merk at post 28 ikkje gjeld arbeid på eige bruk og at post 29 ikkje gjeld grunneigarbetinga fiske og fangst på eigen eigedom.

*Post 35—40.* Her fører ein kor mange dagsverk brukarane og ektemakane har arbeidd på bruket i året, delt på jord- og hagebruk og skog, og kor mange dagsverk dei har arbeidd utanom bruket.

Fordelinga skal gjerast ut frå ein normalarbeidsdag for vedkomande person. Med normalarbeidsdag meiner ein den gjennomsnittlege arbeidstida pr. arbeidsdag i året. Er t.d. den gjennomsnittlege arbeidstid 12 timar i sommarhalvåret og 6 timar i vinterhalvåret, blir normalarbeidsdagen 9 timar.

Har vedkomande person vore arbeidsufør i året på grunn av sjukdom, skade e.l., skal denne tida ikkje reknast med i talet på arbeidsdagar. Det same gjeld for militærtjeneste m.v. Personar som på grunn av høg alder, dårleg helse o.l. har hatt kort dagleg arbeidstid, skal redusere talet på dagsverk i året etter skjøn på grunn av dette.

For personar som arbeider både på eige bruk og utanom bruket kan det vere vanskeleg å svare på desse spørsmåla, men alle bør kunne vite om lag kor mange dagar dei har arbeidd i året, og så foreta ei skjønsmessig fordeling. Eksempel: Ein brukar har i alt 280 arbeidsdagar i året. I denne tida arbeider han 8 timar dagleg i indu-

strien og gjennomsnittleg 2 timar dagleg på eige bruk, i alt 10 timar pr. dag. Fordelinga blir då  $\frac{280 \times 2}{10} = 56$  dagsverk på eige bruk og  $\frac{280 \times 8}{10} = 224$  dagsverk i industrien.

Tilsvarande utrekningar kan gjerast for ei husmor som arbeider delvis i hushaldet og delvis med fjøsstell eller anna arbeid på bruket. Merk at arbeid med husstell ikkje skal vere med i oppgåvene.

Personar som har noko arbeid med fjøsstell e.l. på son- og helgedagar, skal ikkje rekne dette som full arbeidsdag, men gjere eit skjønsmessig tillegg for slikt arbeid. Dersom ein i eksempelet ovafor forutset at vedkomande person har hatt ca. 2 timar fjøsstell dagleg dei resterande 85 dagar av året, er det rimeleg med eit tillegg på 20 dagsverk for dette, slik at vedkomande brukar i alt har 300 dagsverk og av desse 76 dagsverk på eige bruk.

#### N. Arbeidshjelp på bruket 15 år og eldre utanom brukar og ektemake.

Oppgåvene skal gjelde personar 15 år og eldre (utanom brukar og ektemake) som arbeider på bruket. Gardstyrar, forvaltar o.l. skal reknast med under framand arbeidshjelp.

Post 41—56. Ein person blir berre rekna som fast hjelp dersom han har hatt arbeid på bruket som einaste yrke i heile perioden. I motsett fall fører ein vedkomande som tilfeldig hjelp og då med tal dagsverk. Merk: Dersom ein person er fast tilsett hos brukaren, men delvis arbeider på sagbruk, verkstad o.l. verksemdar som brukaren eig, men som ikkje blir rekna som ein del av bruket, skal vedkomande berre først opp med dei dagsverka han har på bruket.

Dersom eit bruk leiger traktor, grøftemaskin e.l. (med førar) skal føraren av traktoren (grøftemaskinen) reknast som tilfeldig leigd hjelp.

Bytearbeid skal ikkje reknast med som leigd arbeids-hjelp.

Post 57—60. Det er den totale arbeidshjelpa teken med under postane 41—56 som skal fordelast her. Merk at husarbeid skal vere med for arbeidshjelpa, medan det for brukarane og ektemakane ikkje skal takast med. (Sjå postane 38—40.)

#### Fjerde sida på skjemaet.

##### O. Driftsbygningar m.v.

Post 01—12. Som driftsbygningar tek ein med bygningar som er oppførte for drift av bruket, unnateke veksthus (drivhus). Våningshus er ikkje driftsbygning. Sjøbuer, sagbruk o.l. skal ikkje vere med. Stabbur skal reknast som driftsbygning dersom det i hovudsaka blir brukt til lagring av korn, kraftfôr o.l. Reiskapshus og garasjar for jordbruksmaskinar og bilar brukt i jordbruket skal vere med.

Både bygningar på tunet og bygningar plasserte utanom tunet skal vere med.

Dersom ein driftsbygning er samansett av delar med ulik alder, skal ein fordele grunnflata på dei aktuelle byggjeperiodar.

Post 13—14. Branntaksten skal gjelde alle driftsbygningar oppgitt under post 01—03, men utan lausøyre. Forsikringssummen står på forsikringsbrevet. Er forsikringssummen justert etter at forsikringsbrevet blei ut-

ferda, skal forsikringstakaren ha fått melding om dette. For bygningar med fullverdetakst er ordet «fullverdetakst» skrive på forsikringsbrevet. Alle andre forsikringsformer skal først under post 14.

Post 15—16. Også for bruk utan ku skal det givast opp innreiingssystem dersom dei har kufjøs som kan brukast utan ominnreiingar.

Post 18. Lagringstank for fersk mjølk. Mjølka blir tappa frå tanken over på tankbil.

Post 19—20. Rom for avkjøling av mjølk. Som regel vil også vask av mjølkereiskapar bli gjort her.

Post 21—22. Omfattar ikkje tørkeomnar, malmgryter o.l. brukt til korntørking i eldre tider. Varmlufttørker omfattar også bingetørker med forsatsvarme.

Post 23. Dersom ein brukar har tørka korn for andre på si gardstørke, skal også dette reknast med.

Post 28—31. Det er det totale innvendige volum (til toppen av silokummen) som skal givast opp under postane 30—31.

Rominnhald av firkantsiloar (kvadratiske) og runde siloar av ymse dimensjonar:

Tverrmål (innv.) i m	2	2½	3	3½	4	4½	5
Rominnh. pr. 1 meter høgd i ein firkantsilo er i m <sup>3</sup> ca. ....	4	6	9	12	16	20	25
Rominnh. pr. 1 meter høgd i ein rund silo er i m <sup>3</sup> ca. ....	3	5	7	9½	12½	16	19½

Post 32—35. Oppgåvene her gjeld ferdig masse. Under postane 32—33 skal givast opp kor mykje som er lagt ned med konserveringsmiddel (A.I.V., myosil o.l.) og under postane 34—35 kor mykje som er lagt ned utan konserveringsmiddel.

##### P. Våningshus.

Post 37—38. Stabbur skal reknast som våningshus dersom det vesentleg blir nytta til lagring av hushaldsvarer eller til soverom etc.

Post 39. Grunnflata av alle våningshus (inkl. hovudbygning) som er bygde etter 20. juni 1959, skal takast med her.

##### Q. Hytter, jakt, fangst, fiske.

Post 43. Her tek ein med hytter som bruket har med tanke på utleige. Også seterbuar o.l. som er gjort i stand med tanke på utleige, skal takast med. På leigde bruk tek ein berre med hytter som eventuelt blir disponerte av brukaren til nemnde formål.

Post 44—45. Her tek ein med alle hyttetomter som er selde eller bortbygsla frå bruket i siste 10-årsperiode, jamvel om bruket i mellomtida har skifta brukar.

Post 46—48. Som liggjande «ved sjøen» reknar ein alle hytter som har strandrett (også strandrett felles med andre) og som ligg i ein avstand frå sjøen (saltvatn) på maksimum 500 m. Hytter som ikkje har strandrett, reknar ein ikkje som liggjande «ved sjøen».

Merk at det berre er hytter og hyttetomter tekne med under postane 43—45 som skal fordelast her.

Post 49—56. Her tek ein med all jakt, fangst og fiske som er av verdi for brukaren, anten direkte eller indirekte ved bortleige av rettar.

Storvilt er elg, hjort, villrein og rådyr.

Som ferskvassfiske reknar ein i dette tilfelle også grunneigarbetinga fiske etter laks og sjøaure i sjøen.

Med bortleige av jakt og fiske meiner ein bortleige av rettar mot vederlag.

Post 57—59. Dersom inntekt frå verksemd nemnd under pkt. Q (Hytter, jakt, fangst, fiske) år om anna utgjør mindre enn kr. 100,—, reknar ein dette for å vere av «inkje» økonomisk verdi for bruket.

## R. Andre oppgåver.

Post 60. Med «til bruket» meiner ein her til brukets tun.

Post 61. Ein skal rekne bilveg som køyrande heile året dersom den vanlegvis er køyrande også om vinteren. Om vegen kan vere stengd nokre dagar på grunn av snøfokk, teleløysing o.l., skal den såleis reknast som køyrande teile året.

Post 63. Her meiner ein det totale areal ein reknar med å kunne vatne med noverande utstyr i ein eventuell tørkeperiode, ikkje kva som kan vatnast med ei oppstilling av spreiarane.

Post 65. Omfattar ikkje skoggrøfter og andre grøfter utanom jordbruksarealet.

Post 66. Arealet skal også takast med under post 27, side 1.

Post 67—69. Alt areal som blei tilsådd med engfrø i 1968, også eng som blei oppløgd og tilsådd på nytt same året.

Post 70. Med «vanleg seterdrift» meiner ein at dyra blir stelte (mjølka etc.) på setra.

Post 71—72. Omfattar tidsrommet frå kyrne blir sleppte på beite om våren til dei blir tekne inn om hausten i «normale» år. Som beite på jordbruksareal reknar ein både vår- og haustbeiting på eng og beiting på kulturbeite. Står kyrne inne om sommaren har ikkje bruket oietid for kyr (nullbeiting).

Post 73—80. For postane 73—77 meiner ein utgifter (utbetalingar) i 1968, ikkje kostnaden av det som er brukt i året. Driftsmiddel som blei innkjøpt (betalt) i 1967, men først brukt i 1968 skal såleis ikkje vere med, medan driftsmiddel innkjøpt (betalt) i 1968, men først brukt i 1969 skal reknast med.

Også for postane 78—80 er det utgifter (utbetalingar) i 1968 som skal givast opp, ikkje avskrivningar.

Kraftfôr skal først med full pris (utan frådrag av eventuell refundert kraftfôrvangift).

Under post 76 tek ein berre med utgifter til plantevernsmiddel, ikkje arbeidsutgifter etc. dersom ein leiger folk til å utføre sprøyting o.l.

Under post 77 fører ein berre utgifter til bilar og traktorar m.v. brukte til drifta av bruket. Bensin skal først utan frådrag av refundert bensinavgift.

Post 78 omfattar berre gjenstandar som har innkjøpsverdi på kr. 500,— eller meir.

Post 79—80 omfattar berre ominnreiingar, tilbygg og tilbygg. Reparasjonsarbeid skal ikkje takast med. Verde av eige arbeid skal ikkje reknast med, heller ikkje verdi av vyrke frå eigen skog etc.

## 2. Hovudskjema for brukseiningar med under 5 deka jordbruksareal som er i drift (skjema 2).

Det meste av rettleiinga står på sjølve teljingssskjemaet.

### C. Jorddyrking m.v. Avgang i arealet.

Sjå rettleiinga for skjema 1, pkt. C, side 3.

### F. Sal av produkt frå brukseininga.

Sjå rettleiinga for skjema 1, pkt. H, side 4.

### 3. Tilleggsskjema for hagebruk (skjema 3).

Dette skjemaet skal fyllast ut for hagebruk og gartneri over ein viss storleik:

- 1) Bruk med minst 100 m<sup>2</sup> veksthus og/eller vekstbenker
- 2) Bruk med minst 1 dekar grønsaker på friland
- 3) Bruk med minst 1 dekar planteskole (ikkje skogplanteskole)
- 4) Bruk med minst 50 bærbuskar (solbær, rips, stikkelsbær)
- 5) Bruk med minst 0,5 dekar bringebær
- 6) Bruk med minst 0,5 dekar jordbær
- 7) Bruk med minst 50 frukttrær

Alle oppgåver for veksthus- og benkegartneri er samla under avsnitt A på skjemaet, medan alle oppgåver for planteskolar er samla under avsnitt C osv. Brukarar som skal gi oppgåver under eitt avsnitt skal ikkje samstundes gi oppgåver under andre avsnitt utan at dei også der har det minimum av areal, tre eller buskar som er nemnt frammanfor. Eit bruk som skal gi tilleggssoppgåver for veksthus- og benkegartneri, skal såleis ikkje gi tilleggssoppgåver for frukthage dersom det ikkje også har minst 50 frukttrær.

Merk: Eit bruk som fyller ut tilleggsskjema, skal også fylle ut hovudskjema (skjema 1 eller 2).

### Første sida på skjemaet.

#### A. Veksthus- og benkegartneri.

Alle former for dyrking under glas og plast skal reknast med, unnateke bøylesolfangarar, hesjesolfangarar og plastfolie direkte på bakken.

Som veksthus blir definert rom der ein kan gå inn utan å fjerne glas/plastdekket. Rom med lågare takhøgde blir definerte som vekstbenker.

Arealet skal givast opp i heile m<sup>2</sup>, og alt veksthus- og benkeareal skal vere med som er i brukbar stand, jamvel om det for tida er ute av drift.

Post 01—02. Her fører ein areal veksthus med varme anlegg. Også hus som for tida er ute av drift, skal takast med dersom dei er i brukbar stand.

Post 03—04. Her fører ein areal teke med under postane 01—02 som var ute av drift i kortare eller lengre tid siste vinter.

Post 05—06. Her fører ein areal teke med under postane 01—02 som er sett ut av drift for eit uvisst tidsrom (kanskje for alltid), men som framleis er i brukbar stand.

Post 07—08. Her fører ein areal veksthus utan varme anlegg. Også hus som for tida er ute av drift, skal takast med dersom dei er i brukbar stand.

Post 11—16. Her fører ein areal vekstbenker som er brukbar stand. Også areal som for tida er ute av drift skal takast med.

*Post 17—30.* Oppgåvene gjeld året 1968. Er det teke fleire avlingar på same areal, skal arealet reknast med for kvar avling.

*Post 31—38.* Potteplanter ferdige for sal til forbrukar i 1968 utan omsyn til om plantene blei selde eller ikkje.

*Post 39—64.* Småplanter som er leverte i 1968 for vidarekultur i andre gartneri. Merk: Utplantingsplanter for hagar, parkar etc. skal ikkje takast med her, men under postane 65—66.

*Post 65—66.* Utplantingsplanter til eige bruk (utplanting på friland) skal ikkje takast med.

#### Andre sida på skjemaet.

*Post 01.* Det er arealet pr. 20. juni 1969 som skal givast opp.

*Post 03—05.* Merk at olje nr. 3—6 skal givast opp i tonn, medan olje nr. 2 skal givast opp i liter.

#### B. Grønsaker på friland.

Med plastdekke på friland meiner ein bøylesolfangarar, hesjesolfangarar og plastfolie direkte på bakken.

Alle kulturar der plastdekke er brukt, skal først i kolonnen for «med plastdekke» (og berre der) utan omsyn til kor lenge arealet har vore dekket av plast.

*Post 27—28.* Som tidlegkål reknar ein kål som er gitt ein ekstra forkultur ved priking eller potting før utplanting på friland.

*Post 29—32.* Haustkål er kål uskikka til lagring og som ikkje skal takast med som tidlegkål. Vinterkål er kål skikka til lagring.

#### Tredje sida på skjemaet.

#### C. Planteskolar.

Oppgåvene skal omfatte planteskoleareal for frukttre, bærbuskar og prydevekstar.

Areal nytta til oppal av planter for skogproduksjon skal ikkje reknast med.

Planter som er fritt utplanta og planter i kar skal givast opp kvar for seg.

*Post 01—12.* Her fører ein grunnstammer som blei utplanta i 1968 med tanke på poding. Stammer som blei

øydelagde før eller etter podinga skal vere med. Også stammer som blir poda før utsetting (handpoda stammer) skal reknast med.

*Post 13—32.* Her fører ein planter som i året 20. juni 1968—20. juni 1969 er drivne fram til salsferdig tilstand utan omsyn til om plantene er blitt selde eller ikkje.

*Post 33—34.* Her skal berre takast med veksthus- og benkeareal som blir nytta til planteskolevarer.

*Post 38—42.* Her fører ein areal som pr. 20. juni 1969 er tilplanta med planteskolevarer og planteskoleareal som for tida ligg i kvile.

#### D. Bærdyrking.

I arealrubrikkane for bærbuskar skal ein føre heile arealet som er tilplanta utan frådrag for eventuelle mellomkulturar.

*Post 45—46.* Med «hekkplanting» meiner ein plantingar med ekstra liten planteavstand i radene og sterk skjering av buskane.

*Post 53—73.* Merk at det spørst etter areal og ikkje talet på buskar.

#### Fjerde sida på skjemaet.

#### E. Frukttre.

Alle tre og buskar som er utplanta der dei skal bli ståande, skal takast med utan omsyn til om dei er i beredyktig alder eller ikkje.

Kva for sortar som skal vere med under «andre sommareple», «andre tidlege vintereple», «andre seine vintereple», «andre tidlege pærer» og «tidlege plommer» går fram av sortslista nedafør.

*Post 91.* Her fører ein heile det tilplanta arealet utan frådrag for eventuelle mellomkulturar.

#### 4. Tilleggsskjema for pelsdyr (skjema 4).

Det meste av rettleiinga står på sjølve teljingsskjemaet.

For pkt. E. «Pelsdyrdrifta som leveveg», sjå også rettleiinga for skjema 1, pkt. M, side 5.

#### 5. Sortsliste for frukt.

##### Sommareple:

Close  
Early Red Bird  
Gyllenkroks Astrakan  
Kvit Astrakan  
Leinestrand  
Melba  
Raud Sävstaholm  
Sävstaholm  
Simenrud  
Stark Earliest  
Transparente

##### Tidlege vintereple:

Gravenstein  
Guldborg  
Haugmann  
James Grieve  
Prinsar  
Raud Gravenstein  
Signe Tillisch  
Tveiteple

##### Seine vintereple:

Bramley's Seedling  
Cox's Orange  
Cox's Pomona  
Filippa  
Fosseple  
Fuhr  
Gul Richard  
Ingrid Marie  
Kaupanger  
Laxton Superb  
Lobo  
Monarch  
Raud Torstein  
Ribston  
Stor Torstein  
Torstein  
Åkerø

##### Tidlege pærer:

André Desportes  
Broket juli  
Clapp's Favorite

Giffard  
Gråpære  
Juli Dekan  
Keiserinne  
Lübecker Prinsesse  
Mouille Bouce  
Precoce de Trevoux  
Skånsk Sukkerpære  
Williams

##### Seine pærer:

Amanlis  
Bonne Louise  
Charneu  
Clara Frijs  
Herrepærer  
Herzogin Elsa  
Moltke  
Philip  
Tongre

##### Tidlege plommer:

Bonne de Bry

Czar  
Early Laxton  
First  
Prune Peche  
Rivers Early Prolific  
Ruth Gerstätter  
Shiro

##### Andre plommer:

Althans  
De Oullins  
Experimentalfältets Sviske  
Gul Eggeplomme  
Gul Herreplomme  
Hackman  
Jefferson  
Kirkes  
Mallard  
Opal  
Reine Claude Grøn  
Victoria  
Washington

Utkome før  
*Previously issued*Jordbrukstøllingen i kongeriket Norge 30. september 1907  
*Recensement du 30 septembre 1907*

- Første hefte: Utsæd, landbruksredskaper, kreaturhold, sæterbruk *Semences, machines agricoles, animaux domestiques et laiteries dans la montagne* NOS V 85
- Andet hefte: Arealet og dets anvendelse. Procentberegninger m.m. *Etendue des exploitations, superficie cultivée. Chiffres proportionnels, etc.* NOS V 109
- Tredje hefte: Oversikt m.v. *Aperçu général etc.* NOS V 145

Jordbrukstøllingen i Norge 1. januar 1918  
*Recensement du 1 janvier 1918*

- Første hefte: Kreaturhold *Bétail* NOS VI 170
- Annet hefte: Arealet og dets anvendelse m.v. Oversikt over tellingens resultater *Etendue des exploitations superficie cultivée. Aperçu général, etc.* NOS VII 12

Jordbrukstøllingen i Norge 20. juni 1929  
*Recensement du 20 juin 1929*

- Første hefte: Husdyrhold *Bétail* NOS VIII 134
- Annet hefte: Arealet og dets anvendelse m.v. *Etendue des exploitations, superficie cultivée* NOS VIII 145
- Tredje hefte: Brukenes antall og størrelse m.v. *Propriétés foncières rurales, nombre et grandeur etc.* NOS VIII 171
- Fjerde hefte: Oversikt *Aperçu général* NOS VIII 188

Jordbrukstøllingen i Norge 20. juni 1939  
*Recensement du 20 juin 1939*

- Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. *La superficie, animaux domestiques etc.* NOS IX 191
- Annet hefte: Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m.v. *Données spéciales sur les exploitations, ouvriers etc.* NOS X 9
- Tredje hefte: Oversikt *Aperçu général* NOS X 40

Jordbrukstøllingen i Norge 20. juni 1949  
*Recensement du 20 juin 1949*

- Første hefte: Arealet, husdyrholdet m.v. *La superficie, animaux domestiques etc.* NOS XI 40
- Annet hefte: Eiendomsforholdene, arbeidsstyrken m.v. *Conditions de propriété, nombre d'ouvriers etc.* NOS XI 71
- Tredje hefte: De naturlige jordbruksområder *Les régions agricoles* NOS XI 87
- Fjerde hefte: Oversikt *Aperçu général* NOS XI 103

Jordbrukstøllinga i Noreg 20. juni 1959  
*Census of Agriculture June 20, 1959*

- Første hefte: Areal, husdyrhald m.m. *First volume: Land area, livestock etc.* NOS XII 40
- Andre hefte: Maskinar og reiskapar m.m. *Second volume: Machinery and implements etc.* NOS XII 53
- Tredje hefte: Eige- og leigetilhøve, arbeidskraft m.m. *Third volume: Ownership and tenancy, labour force etc.* NOS XII 79
- Fjerde hefte: Dei naturlege jordbruksområda *Fourth volume: The agricultural regions* NOS XII 88
- Femte hefte: Oversyn *Fifth volume: General Survey* NOS XII 123



Publikasjoner sende ut frå Statistisk Sentralbyrå  
sidan 1. januar 1970

*Publications issued by the Central Bureau of Statistics  
since 1 January 1970*

I serien Norges offisielle statistikk (NOS):

Rekkje XII

Boktrykk 1970

- Nr. 257 Økonomisk utsyn over året 1969 *Economic Survey* Sidetall 156 Pris kr. 15,00
- 258 Syketrygden 1968 *National Health Insurance* Sidetall 115 Pris kr. 9,00
- 259 Folkemengdens bevegelse 1968 *Vital Statistics and Migration Statistics* Sidetall 53  
Pris kr. 7,00
- 260 Skogbrukstelling 1. september 1967 II *Census of Forestry II* Sidetall 269 Pris kr. 11,00
- 261 Psykiatriske sykehus 1968 *Mental Hospitals* Sidetall 49 Pris kr. 7,00
- 262 Fiskeristatistikk 1967 *Fishery Statistics* Sidetall 99 Pris kr. 8,00
- 263 Statistisk årbok 1970 *Statistical Yearbook of Norway* Sidetall 436 Pris kr. 15,00
- 264 Utenrikshandel 1969 II *External Trade II* Sidetall 311 Pris kr. 11,00

Rekkje A

Offsettrykk 1970

- Nr. 309 Dødsårsaker 1968 *Causes of Death* Sidetall 79 Pris kr. 5,00
- 310 Industristatistikk 1968 *Industrial Statistics* Sidetall 163 Pris kr. 6,00
- 311 Kriminalstatistikk Domfelte, botlagte og påtalefritatte 1968 *Criminal Statistics  
Persons Convicted, Fined or Suspended of Prosecution* Sidetall 47 Pris kr. 4,50
- 312 Kriminalstatistikk Fanger 1967 *Criminal Statistics Prisoners* Sidetall 49 Pris kr. 5,00
- 313 Sykehusstatistikk 1968 *Hospital Statistics* Sidetall 31 Pris kr. 4,50
- 314 Lønnsstatistikk for funksjonærer i bankvirksomhet 1. september 1969 *Salaries of Bank  
Employees* Sidetall 33 Pris kr. 4,50
- 315 Lønnsstatistikk for funksjonærer i forsikringsvirksomhet 1. september 1969 *Wage Statistics  
for Salaried Employees in Insurance Activity* Sidetall 33 Pris kr. 4,50
- 316 Bygge- og anleggsstatistikk 1968 *Construction Statistics* Sidetall 27 Pris kr. 3,50
- 317 Undervisningsstatistikk Folkehøgskolar 1. oktober 1969 *Educational Statistics Folk High  
Schools* Sidetall 27 Pris kr. 3,50
- 318 Undervisningsstatistikk Høgre allmennskoler 1. oktober 1969 *Educational Statistics Secondary  
General Schools* Sidetall 45 Pris kr. 4,50
- 319 Sosial hjemmehjelp 1968 *Social Home-Help Services* Sidetall 37 Pris kr. 4,50
- 320 Rutebilstatistikk 1968 *Scheduled Road Transport* Sidetall 35 Pris kr. 3,50
- 321 Helseundersøkelse 1968 *Health Survey* Sidetall 39 Pris kr. 4,50
- 322 Nasjonalregnskap 1952-1968 *National Accounts* Sidetall 55 Pris kr. 5,00
- 323 Veterinærstatistikk 1968 *Veterinary Statistics* Sidetall 69 Pris kr. 5,00
- 324 Lønnsstatistikk for arbeidere i bergverksdrift og industri 3. kvartal 1969 *Wage Statistics  
for Workers in Mining and Manufacturing* Sidetall 29 Pris kr. 4,50
- 325 Lønnsstatistikk for statens embets- og tjenestemenn 1. mars 1969 *Wage Statistics of Central  
Government Employees* Sidetall 89 Pris kr. 5,00
- 326 Regnskapsstatistikk 1967 *Accounting Statistics* Sidetall 53 Pris kr. 4,50
- 327 Helsestatistikk 1968 *Health Statistics* Sidetall 61 Pris kr. 5,00
- 328 Barneomsorg 1968 *Child Welfare Statistics* Sidetall 51 Pris kr. 4,50
- 329 Lønnsstatistikk for sjøfolk på skip i innenriks rutefart November 1969 *Wage Statistics for  
Seamen on Ships in Scheduled Coasting Trade* Sidetall 25 Pris kr. 3,50
- 330 Folketallet i kommunene 1969-1970 *Population in Municipalities* Sidetall 39 Pris kr. 4,50
- 331 Hotellstatistikk 1969 *Hotel Statistics* Sidetall 33 Pris kr. 3,50
- 332 Lønnsstatistikk for ansatte i jordbruket September 1969 *Wage Statistics for Wage-Earning  
and Salaried Employees in Agriculture* Sidetall 29 Pris kr. 3,50
- 333 Byggearealstatistikk 1968 *Building Statistics* Sidetall 63 Pris kr. 5,00
- 334 Forbruksundersøkelse 1967 III *Survey of Consumer Expenditure III* Sidetall 77 Pris kr. 5,00
- 335 Kriminalstatistikk Fanger 1968 *Criminal Statistics Prisoners* Sidetall 51 Pris kr. 5,00
- 336 Arbeidsmarkedstatistikk 1969 *Labour Market Statistics* Sidetall 71 Pris kr. 5,00
- 337 Lønnsstatistikk for ansatte i helsevesen og barneomsorg 1. mai 1969 *Wage Statistics of  
Employees in Health Services and Child Nursing* Sidetall 85 Pris kr. 5,00
- 338 Utenrikshandel 1969 I *External Trade I* Sidetall 231 Pris kr. 11,00
- 339 Samferdselsstatistikk 1968 *Transport and Communication Statistics* Sidetall 173 Pris kr. 6,00
- 340 Stortingsvalget 1969 II *Storting Elections II* Sidetall 69 Pris kr. 5,00
- 341 Skattestatistikk 1967 *Tax Statistics* Sidetall 113 Pris kr. 6,00
- 342 Lønnsstatistikk for arbeidere i offentlig anleggsvirksomhet 3. kvartal 1969 *Wage Statistics  
for Workers in Public Construction Activity* Sidetall 39 Pris kr. 4,50
- 343 Jaktstatistikk 1969 *Hunting Statistics* Sidetall 43 Pris kr. 4,50
- 344 Undervisningsstatistikk Universiteter og høgskoler Høstsemesteret 1968 *Educational  
Statistics Universities Autumn Term* Sidetall 171 Pris kr. 6,00
- 345 Varehandelsstatistikk 1968 *Wholesale and Retail Trade Statistics* Sidetall 87  
Pris kr. 5,00
- 346 Skogavvirking til salg og industriell produksjon 1968-69 *Roundwood Cut for Sale and  
Industrial Production* Sidetall 37 Pris kr. 4,50



## Rekkje A

## Offsettrykk 1970 (framh.)

- Nr. 347 Laks- og sjøaurefiske i elvane 1876-1968 *River Fishing of Salmon and Sea Trout* Sidetall 73 Pris kr. 5,00
- 348 Ferieundersøkelsen 1968 *Holiday Survey* Sidetall 55 Pris kr. 5,00
- 349 Sivilrettsstatistikk 1969 *Civil Judicial Statistics* Sidetall 31 Pris kr. 4,50
- 350 Lønnsstatistikk 1969 *Wage Statistics* Sidetall 89 Pris kr. 5,00
- 351 Undervisningsstatistikk Folke- og framhalsskoler 1. oktober 1969 *Educational Statistics Primary and Continuation Schools* Sidetall 61 Pris kr. 5,00
- 352 Sosialhjelpstatistikk 1968 *Social Care Statistics* Sidetall 81 Pris kr. 5,00
- 353 Veitrafikkulykker 1969 *Road Traffic Accidents* Sidetall 61 Pris kr. 5,00
- 354 Stortingsvalget 1969 III *Storting Elections III* Sidetall 49 Pris kr. 5,00
- 355 Folkemengden etter alder 31. desember 1969 *Population by Age* Sidetall 65 Pris kr. 5,00
- 356 Flyttestatistikk 1969 *Migration Statistics* Sidetall 65 Pris kr. 5,00
- 357 Undervisningsstatistikk Fag- og yrkesskoler 1. oktober 1969 *Educational Statistics Vocational Schools* Sidetall 77 Pris kr. 5,00
- 358 Regnskapsstatistikk 1968 *Accounting Statistics* Sidetall 67 Pris kr. 4,50
- 359 Skattestatistikk 1968 Kommuner og handelsdistrikter *Tax Statistics Municipalities and Trade Districts* Sidetall 119 Pris kr. 6,00
- 360 Alkoholstatistikk 1969 *Alcohol Statistics* Sidetall 35 Pris kr. 4,50
- 361 Undervisningsstatistikk Gymnaseksamen 1968 *Educational Statistics Matriculation Examinations* Sidetall 51 Pris kr. 5,00
- 362 Lønnsstatistikk for sjøfolk på skip i utenriksfart Mars 1970 *Wage Statistics for Seamen on Ships in Ocean Transport* Sidetall 29 Pris kr. 3,50
- 363 Skattestatistikk 1968 *Tax Statistics* Sidetall 101 Pris kr. 5,00
- 364 Kriminalstatistikk Forbrytelser etterforsket av politiet 1969 *Criminal Statistics Crimes Investigated by the Police* Sidetall 57 Pris kr. 5,00
- 365 Rutebilstatistikk 1969 *Scheduled Road Transport* Sidetall 35 Pris kr. 3,50
- 366 Skogstatistikk 1969 *Forestry Statistics* Sidetall 107 Pris kr. 6,00
- 367 Finansinstitusjoner 1969 *Financial Institutions* Sidetall 103 Pris kr. 6,00
- 368 Lønnsstatistikk for ansatte i varehandel 1. mars 1970 *Wage Statistics for Employees in Wholesale and Retail Trade* Sidetall 25 Pris kr. 4,50
- 369 Kredittmarkedstatistikk 1968 *Credit Market Statistics* Sidetall 223 Pris kr. 7,00
- 370 Elektrisitetstatistikk 1969 *Electricity Statistics* Sidetall 51 Pris kr. 4,50
- 371 Laks- og sjøaurefiske 1969 *Salmon and Sea Trout Fisheries* Sidetall 47 Pris kr. 5,00
- 372 Barneomsorg 1969 *Child Welfare Statistics* Sidetall 51 Pris kr. 4,50
- 373 Kriminalstatistikk Domfelte, botlagte og påtalefritatte 1969 *Criminal Statistics Persons Convicted, Fined or Suspended of Prosecution* Sidetall 47 Pris kr. 4,50
- 374 Bygge- og anleggsstatistikk 1969 *Construction Statistics* Sidetall 27 Pris kr. 3,50
- 375 Jordbruksstatistikk 1969 *Agricultural Statistics* Sidetall 107 Pris kr. 6,00
- 376 Regionalt nasjonalregnskap 1965 *Regional National Accounts* Sidetall ca.70 Pris kr. 6,00
- 377 Folkemengdens bevegelse 1969 *Vital Statistics and Migration Statistics* Sidetall 55 Pris kr. 5,00
- 378 Sykehusstatistikk 1969 *Hospital Statistics* Sidetall 31 Pris kr. 4,50
- 379 Sosial hjemmehjelp 1969 *Social Home-Help Services* Sidetall 35 Pris kr. 4,50
- 380 Lastebiltransport Utvalgsundersøkelse 1968 *Road Goods Transport Sample Survey* Sidetall 127 Pris kr. 6,00

## Rekkje XII

## Boktrykk 1971

- Nr. 265 Økonomisk utsyn over året 1970 *Economic Survey* Sidetall 179 Pris kr. 15,00
- 266 Syketrygden 1969 *National Health Insurance* Sidetall 120 Pris kr. 9,00
- 267 Fiskeristatistikk 1968 *Fishery Statistics* Sidetall 103 Pris kr. 8,00

## Rekkje A

## Offsettrykk 1971

- Nr. 381 Undervisningsstatistikk Folkehøgskolar 1. oktober 1970 *Educational Statistics Folk High Schools* Sidetall 29 Pris kr. 3,50
- 382 Byggearealstatistikk 1969 *Building Statistics* Sidetall 63 Pris kr. 5,00
- 383 Veterinærstatistikk 1969 *Veterinary Statistics* Sidetall 65 Pris kr. 5,00
- 384 Bøndernes formue, gjeld og inntekt 1968 *The Holders' Property, Debt and Income* Sidetall 87 Pris kr. 5,00
- 385 Industristatistikk 1969 *Industrial Statistics* Sidetall 163 Pris kr. 6,00
- 386 Regnskapsstatistikk 1969 *Statistics of Accounts* Sidetall 69 Pris kr. 4,50
- 387 Varehandelstatistikk 1969 *Wholesale and Retail Trade Statistics* Sidetall 87 Pris kr. 5,00
- 388 Psykiatriske sykehus 1969 *Mental Hospitals* Sidetall 51 Pris kr. 5,00
- 389 Undervisningsstatistikk Høgre allmennskoler 1. oktober 1970 *Educational Statistics Secondary General Schools* Sidetall 49 Pris kr. 4,50
- 390 Lønnsstatistikk for ansatte i jordbruket September 1970 *Wage Statistics for Wage-Earning and Salaried Employees in Agriculture* Sidetall 29 Pris kr. 3,50
- 391 Inntektsstatistikk 1967 *Income Statistics* Sidetall 95 Pris kr. 5,00
- 392 Kriminalstatistikk Fanger 1969 *Criminal Statistics Prisoners* Sidetall 51 Pris kr. 5,00
- 393 Nasjonalregnskap 1953-1969 *National Accounts* Sidetall 55 Pris kr. 5,00
- 394 Lønnsstatistikk for sjøfolk på skip i innenriks rutefart November 1970 *Wage Statistics for Seamen on Ships in Scheduled Coastline Trade* Sidetall 29 Pris kr. 3,50

## Rekkje A

Offsettrykk 1971 (framh.)

- Nr. 395 Samferdselsstatistikk 1969 *Transport and Communication Statistics* Sidetall 167 Pris kr.6,00  
 - 396 Formuesstatistikk 1967 *Property Statistics* Sidetall 71 Pris kr. 5,00  
 - 397 Lønnsstatistikk for arbeidere i bergverksdrift og industri 3. kvartal 1970 *Wage Statistics for Workers in Mining and Manufacturing* Sidetall 31 Pris kr. 4,50  
 - 398 Hotellstatistikk 1970 *Hotel Statistics* Sidetall 43 Pris kr. 3,50  
 - 399 Arbeidsmarkedstatistikk 1970 *Labour Market Statistics* Sidetall 71 Pris kr. 5,00  
 - 400 Undervisningsstatistikk Vaksenopplæring og folkeopplysning 1969 *Educational Statistics Adult Education and Popular Education* Sidetall 47 Pris kr. 4,50  
 - 401 Dødsårsaker 1969 *Causes of Death* Sidetall 95 Pris kr. 5,00  
 - 402 Kriminalstatistikk Tilbakefall 1966-1969 blant siktede i 1965-1966 *Criminal Statistics Recidivism among Persons Charged with Crimes* Sidetall 33 Pris kr. 4,50  
 - 403 Utenrikshandel 1970 I *External Trade I* Sidetall 223 Pris kr. 11,00  
 - 404 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Østfold *Census of Agriculture Østfold* Sidetall 43 Pris kr. 5,00  
 - 405 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Akershus og Oslo *Census of Agriculture Akershus and Oslo* Sidetall 41 Pris kr. 5,00  
 - 406 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Hedmark *Census of Agriculture Hedmark* Sidetall 41 Pris kr. 5,00  
 - 407 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Oppland *Census of Agriculture Oppland* Sidetall 43 Pris kr. 5,00  
 - 408 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Buskerud *Census of Agriculture Buskerud* Sidetall 35 Pris kr. 5,00  
 - 409 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 Vestfold *Census of Agriculture Vestfold* Sidetall 37 Pris kr. 5,00  
 - 410 Undervisningsstatistikk Gymnaseksamen 1969 *Educational Statistics Matriculation Examinations* Sidetall 63 Pris kr. 5,00  
 - 411 Helsestatistikk 1969 *Health Statistics* Sidetall 71 Pris kr. 5,00  
 - 412 Folketallet i kommunene 1970-1971 *Population in Municipalities* Sidetall 39 Pris kr. 4,50  
 - 413 Jordbruksteljinga 20. juni 1969 I Talet på bruk, eige- og leigeforhold og brukarane etter ymse kjenneteikn *Census of Agriculture I Number of Holdings, Ownership and Tenancy, Holders according to Different Characteristics* Sidetall 175 Pris kr. 7,00

## I serien Artikler frå Statistisk Sentralbyrå (ART):

- Nr. 30 To artikler om norsk industri *Two Articles on Norwegian Manufacturing Industries* Sidetall 40 Pris kr. 7,00  
 - 31 Virkninger av skattereformen av 1969 *Effects of the Taxation Reform of 1969* Sidetall 35 Pris kr. 7,00  
 - 32 The Stability of Input-Output Coefficients *Stabilitet i kryssløpskoeffisienter* Sidetall 40 Pris kr. 7,00  
 - 33 Inntektsfordelingsvirkninger av skattereformen av 1969 *Income Distribution Effects of the Taxation Reform of 1969* Sidetall 29 Pris kr. 7,00  
 - 34 Dataregistrering, dataarkiver og samfunnsforskning *Data Registration, Data Banks and Social Research* Sidetall 43 Pris kr. 7,00  
 - 35 PRIM I A Model of the Price and Income Distribution Mechanism of an Open Economy *PRIM I En modell av pris- og inntektsfordelingsmekanismen i en åpen økonomi* Sidetall 61 Pris kr. 7,00  
 - 36 Konsumets og sparingens langsiktige utvikling *Consumption and Saving in the Process of Long-Term Growth* Sidetall 18 Pris kr. 5,00  
 - 37 Om bruk av stikkprøver ved kontoret for intervjuundersøkelser, Statistisk Sentralbyrå *On the Use of Sampling Surveys by the Central Bureau of Statistics, Norway* Sidetall 46 Pris kr. 7,00  
 - 38 Personmodeller, personregnskapssystemer og persondataarkiver *Population Models, Population Accounting Systems and Individual Data Banks* Sidetall 28 Pris kr. 7,00  
 - 39 Variasjoner i utviklingen hos nyfødte barn *Variations in the Maturity Level of New Born Infants* Sidetall 36 Pris kr. 7,00



Utvalde publikasjoner i serien Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)  
*Selected publications in the series Statistisk Sentralbyrås Håndbøker (SSH)*

- |     |    |  |
|-----|----|--|
| Nr. | 4  | Innføring i maskinregning. Hefte 1. Addisjonsmaskiner  |
| "   | 5  | Innføring i maskinregning. Hefte 2. Kalkulasjonsmaskiner                                     |
| "   | 8  | Framlegg til nordisk statistisk terminologi  |
| "   | 9  | Standard for næringsgruppering i offentlig norsk statistikk                                  |
| "   | 12 | Adresseliste for folkeregistrene   |
| "   | 13 | Standard for handelsområder  |
| "   | 19 | Varenomenklatur for industristatistikken   |
| "   | 22 | Statistisk testing av hypoteser ved regresjonsberegninger                                    |
| "   | 23 | Utsnitt om prinsipper og definisjoner i offisiell statistikk                                 |
| "   | 24 | Standard for gruppering av sykdommer - skader - dødsårsaker i offentlig norsk statistikk     |
| "   | 26 | Statistisk varefortegnelse for utenrikshandelen  |
| "   | 27 | Utsnitt om prinsipper og definisjoner i offisiell statistikk. Fra Forbruksundersøkelsen 1958 |
| "   | 28 | Standard for utdanningsgruppering i offentlig norsk statistikk                               |
| "   | 29 | Norsk-Engelsk ordliste   |
| "   | 30 | Lov, forskrifter og overenskomst om folkeregistrering  |

**Pris kr. 7,00**

**Publikasjonen kjem ut i kommisjon hos H. Aschehoug & Co., Oslo,**